



# Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 1 2023 48. årgang



*Fasteaksjon  
Ta godt imot konfirmantane 28. mars*



# Andakten

Av Preben Colstrup


## Håndleddene

Det var fredag, og snekkersønnen fra Nasaret hadde fått spiker i hendene, uten tilgang på hammer. Denne dagen skulle han gjøre noe han ikke hadde lært av Josef.

Det var ikke første gang noen ble hengt på et kors. Golgata, eller hodeskallestedet, var kjent for den form for avretting. Det var romernes metode, ikke jødernes.

Da det ikke var fotografer tilstede da snekkeren ble korsfestet, har vi vært henvist til kunstnerne. De fleste av dem har plassert naglene i håndflaten.

Jeg har, på mitt bilde tatt sjansen på å sette spikeren i håndleddet. Hvis jeg hadde satt den i håndflaten ville snekkeren sannsyn-



ligvis falle ned fra korset. Jeg regner med at korsfesterne hadde lang trening å sette spikeren slik at offeret ble hengende. Det var nemlig noe av poenget. Lidelsen skulle være en stund.

Noen kunne sikkert komme på den tanke at snekkeren var mer enn en vanlig snekker. Han var jo Guds Sønn, dermed ville kanskje håndrotten holde. Men korsfesterne var nok mer opptatt av å avlive en fagarbeider enn at det var kongenes konge som skulle til pers.

Smertefullt var det nok, men det var neppe den tyngste byrden den dagen. Det var våre synder han bar.

## Søke på gravplasser

### Nå kan du søke på graver i Aure

Informasjon om grav og plassering ligger i det digitale systemet Ecclesia. Mange har fått bilde allerede, men vi jobber med å legge inn flere.

[http://www.ecclesia.no/public/user\\_aure](http://www.ecclesia.no/public/user_aure)



Aure kyrkje, september 2022. Foto: Dordi Oldervik

## Påskemøte

Palmesøndag, 2. april kl. 11.00 og 13.30 på Aure misjonshus.  
Servering mellom møta. Song av Aure misjonskor.

Arr. Indremisjonsforbundet.

## Med Willy Brandt som forbilde

Fredag den 24. februar ble Aure kirke åpnet for orgelmusikk, eftertanke, bønn og lyttenning, som en minnemarkering av den russiske invasjonen i Ukraina.

Et 20-talls flykninger fra Ukraina, og noen nordmenn, møtte opp for å hør organisten fra Holmgard spille ukrainsk musikk. Da han avsluttet med «Sche ne vmerla Ukraina», reiste de seg med høyre hånd på hjertet.

Med Willy Brandt som forbilde gikk organisten ned fra galleriet og knelte på vegne av sitt fødeland, og ba om tilgivelse for den umenneskelige krigen. Slik som Brant gjorde ved minnesmerket for den jødiske gettoen i Warszawa. Slava Ukraina!

Preben Colstrup



### Fråmsida:

Kofirmantar klar for fasteaksjon.

# Min salme

Kristian Husby

Salmeboka er en skattekiste, så da jeg fikk spørsmål om å velge ut én, så måtte jeg tenke meg litt om.

Valget falt til slutt på "Upp, gledjast alle gledjast no».

Den er en av mine favoritter..

På en lun og elegant måte forteller den historien om julen. Om barnet som kom.

Kristian Husby

**Upp, gledjest alle, gledjest no**

Tekst: Thomas Kingo, Til norsk: Elias Blix

1 Upp, gledjest alle, gledjest no  
Med Fagnad, Fred og heilag Ro  
I Herren, dykker Gleda!

For Jesus han er no so nær  
Og vil, daa han oss heve kjær,  
Uti vaart Kjøt seg klæda.

2 Burt Sorg og Saknad or vaart Sinn!  
Gus Gleda låta me no inn,  
At me kann Jesus fagna Med  
Bøn og Hjartans Takk og Tru,  
Med honom skal i Fred me bu,  
Og Gleda aldri tagna.

3 Gud, lat din Fred, som høgre er,  
Enn Hug og Vit kann fata her,  
Vaart Hjarta vel faa vara  
I Kristus Jesus, at me maa  
So stor ei Jolegleda faa,  
Som aldri burt maa fara!



Elling Fashing Fævelen,  
døypt 19.02.23 i Stemshaug kyrkje.



Maja Klinge Torset, døypt 26.02.23 i  
Aure kyrkje.

# Nizar si eventyrlege vassreise

**Synet som møtte Nizar Seleman Utanga for sju år sidan, gav liten grunn til håp, men sidan den gong har ho vore med på å endre 126 000 liv i Mbulu i Tanzania. Det heile byrja med ein brønn.**



Tekst og foto: Anette Torjusen

– La meg løfte saman med deg, så du ikkje mistar bøtta, seier Nizar Seleman Utanga og hjelper ein ung gut med å helle vatn over i ein dunk.

Området vi er i, heiter Mbulu og ligg i Tanzania, i den spektakulære Riftdalen. Omkransa av fjell, solsikker og endelause maisåkrar. Så vakkert, men samtidig så røft og brutalt for dei som bur her. I ei årrekke har dei kjempa mot tørke og vassmangel. Innbyggjarane i landsbyen Goje måtte gå mellom fem og seks timer kvar dag for å hente vatn. Dette er ein landsby Nizar har besøkt jamt og trutt dei siste åra som programmedarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

– Sist eg var her, var det høg arbeidsløyse, stor fortviling blant bøndene, tomme skulebenkar og mykje sjukdom. Ingen hadde eit sosialt liv. Det var det ikkje tid og rom for, seier ho.



Verken menneske eller dyr hadde vatn.

– Dei som bur her, gjekk i fem–seks timer for å hente vatn. Så langt var det til nærmeste kjelde. Og det vatnet dei fann, var langt frå trygt, understrekar ho. Ein av dei som henta vatn, var 15 år gamle Deodata Julius.

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgen klokka fem og gjekk i to timer. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for å gå i to nye timer. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkeret, minnest ho.

I 2014 samla det norske folket inn 250 millionar kroner til reint vatn gjennom TV-aksjonen, noko som gav vatn til 1,7 millionar menneske. Ein av landsbyane som har fått brønn, er nettopp Goje. I Mbulu, der vi er no, har 126 000 menneske fått tilgang til reint vatn. Kirkens Nødhjelp har både bora etter vatn og reparert brønnar.



Den djupaste brønnen er på 135 meter.

Ei fersk undersøking som er gjord i Mbulu og i Haydom, viser ein nedgang frå 89 til 35 prosent i sjukdommar som er relaterte til skitent vatn.

– Eg er så stolt, så stolt over å få vere med på å endre så mange liv. Det er ein heilt annan atmosfære her no. Folk er lykkelege og har jobb, skulane er fulle av elevar, livskvaliteten har endra seg, og bøndene

kan igjen dyrke grønsaker, seier Nizar.

Rundt vasspumpa i Goje er det full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Nizar er spesielt glad for at barn og unge endeleg kan få tid til å vere nettopp unge.

– Liva deira var så travle, men no får dei vekse opp og ha normale liv. Det fortener

dei. Eg ser så mange smil. Dei kan leike, gå på skulen og halde seg friske. Eg blir så imponert over denne endringa, smiler ho. Sjølv om livet i Goje no er godt, er det framleis stor vassmangel i Tanzania, noko som òg gjeld større byar.

4 millionar menneske manglar tilgang til rent og trygt vatn. 29 millionar menneske har ikkje tilgang til gode sanitærforhold.



## Fasteaksjonen tirsdag 28. mars

Ta godt imot konfirmantene  
på ettermiddagen denne  
tirsdag mellom kl. 17 og 20,  
og bli med og støtt en god  
sak!

## Humorshow og ettertanke

Det var humoristen Torolv Nordbø, alias Han Innante, fra Rogaland som inntok Aure arena valentinsdagen. Nærmere 100 aurgjelinger hadde tatt ut en mørk og kald vinterdag for å oppleve litt lys og varme. Og lys og varme ble det. Duoen Folk Brothers åpnet med å sende en hilsen til ukrainerne på deres morsmål. Ingen i salen visste at Torolvs sønner, som utgjør Folk Brothers, jobber i flyktningmottak i Hallingdal.



Han far sjøl fortalte fra sin oppvekst på Finnøy i Ryfylke. En dag kom han hjem fra skolen med brev om utvisning i tre dager.

– Dette hadde jeg ikke trodd om deg, Toralv, sa mor. – Det hadde jeg, sa far. Sønnene Oskar Nordbø og Edvard «Borneo» Nordbø leverte låter i Simon & Garfunkle- / Everly Brothers-stil med eminent gitarakkompagnement.

Nordbø avsluttet kvelden med å leve ei vise bror hans Arne har skrevet: «Gud samlar skattar på jorda». En humorafaten med viser og ettertanke. Menighetene i kommunen takker for støtte og tilrettelegging fra kommunen som la ut billetter fra Den kulturelle spaserstokken og Den kulturelle skolesekken, og gratis arena.



Tekst og foto:  
Preben Colstrup.

# Konfirmanter Gullstein kirke 1973



1. rekke f.v.:

Eli Artvag, Anne Lise Husby, sogneprest Ragnar Lange, Sigrun Ormbostad, Anne Ormbostad.

2. rekke f.v.

Frank Gjøstøl, May-Sissel Lervag, Eldbjørg Artvag, Bente Brevik, Mari Jørgenvåg, Conny Myhren, Emma Jektvik, Elvira Ohrstrand, Edvard Ormbostad.

3. rekke f.v.:

Mads Helge Follestad, Henry Arne Birkelund, Bjørn Golmen, Nils Aspvik, Peder Dag Hannasvik.

4. rekke f.v.:

Arnstein Brevik, Helge Nygard, John Gunnar Halsbog, Harald Fugelsnes, Georg Stranden, Per Hallstein Lervag, Andreas Langholm, Ivar Alsvik.



# Konfirmanter Stemshaug kyrkje 1973

Bak fra venstre

Mali Pauline (Dromnes) Ledahl

Aud Dromnes

Lars Dromnes

Anita (Torset) Lesund

Foran fra venstre

Ingmund Bakk

Rolf Dyrlie

Arnfinn Bakk

# Konfirmantar Aure kyrkje 1973



1. rekke f.v.: Dordi Marie Gresset, Sogneprest Rolf Dyrli, Ingvild Bakk.

2. rekke f.v.: Gerd Dagrun Gautvik Lien, Karin Bergitte Goa Seljebu, Helga Sletta Kvello Aune, Gry Kristiansen, Anny Torset, Ann Åkvik Ormset, Margit Hjelen Aarstad.

3. rekke f.v.: Nanfrid Torset Ervig, Inger Anne Husby, Anne Gro Hestsveen Kjørsvik, Peggy Anita Jensen Rise, May Britt Drugli, May Helen Vaag Sandbekken, Torhild Skar, Gunn Bodil Aukan.

4. rekke f.v.: Per Magne Svelund, Malvin Inge Gjerde, Ingunn Almli, Irene Gjerde, Kari Vik Ellingsgård, Peder Stormyr.

5. rekke f.v.: Johan Johannes Aas, Jørn Helge Saltrø, Trygve Hauge, Jon Bjørnar Ertvåg, Kolbjørn Engdal, Lars Einar Gridsvåg.

6. rekke f.v.: Jonas Margido Glasø, Gunnar Ulfsnes, Geir Dromnes, Rolf Terje Husby Ulfsnes, Helge Glomstad, Per Bjarne Lindaas.

## Årets konfirmantar

### Blir konfirmert i Gullstein kirke

**lørdag 6. mai:**

Anders Magnus Flatø Golmen

Annbjørg Aarnes Hage

Emilie Lyngvær

Espen Lie Nordberg

Lukas Otnes

Mathea Aarnes Hage

Silje-Amanda Birkelund Guldstein

### Blir konfirmert i Stemshaug kyrkje

**laurdag 13. mai:**

Elisa Ledal

Guro Johanne Ulfsnes

Hans Nikolai Skiphamn Mæhle  
Oda Spjøtvold Mæle  
Andreas Nilsen Hjelen  
Ole Ivar Korstad  
Sara Flø

### Blir konfirmert i Aure kyrkje


**laurdag 20. mai:**

Ada Gjerde  
Anette Johnsen Strand  
Emilie Vaag Lervik  
Johannes Ramsvik  
Linnea Strupstad Bugge  
Maria Leirdal Vaag  
Martin Romundset Nilsen  
Michell Skog  
Nicolay Engdal



Nikita Zelenkov  
Odin Ormbostad  
Silje Kristine Strand Dahlhaug

# Trusopplæringa



## Velkommen til babysang på Aure misjonshus!



Jeg har gleden av å få invitere til en ny runde med babysang! I høst var vi 13 babyer med foreldre. Det var veldig koselig! Babysang er for alle babyer sammen med mor eller far. Det er sang, musikk, rytme og bevegelse, alt tilpasset barnets alder. Vi har en stor gymmatte, men det kan likevel være lurt å ha med et lite teppe eller et håndkle til å legge babyen på. Etter en halvtimes tid med babysang blir det kaffe/ te og en enkel lunsj som vi kjøper inn og ordner til. Samlingene blir på onsdager utvalgte datoer kl 11.00-12.30. Datoer som gjenstår dette semesteret:

onsdag 19. april  
onsdag 10. mai  
onsdag 31. mai

Semesteravgift: kr 200  
-dekker mat, drikke på samlingene og en liten gave.  
Kontonr 4068.10.64402 eller vipps 771688



Håper du har lyst til å ta med babyen din å komme!

Påmelding til [elisabeth@aurekyrkje.no](mailto:elisabeth@aurekyrkje.no) eller 47975085 (jobb) / 94035354 (privat)

Vennlig hilsen fra Trosopplærer Elisabeth Finset

## VELKOMMEN til på Aure misjonshus

Du som er fra ca. 1 til 3 år er velkommen sammen med mamma eller pappa til «**SANGSPRELL**» på Aure misjonshus! Det blir sang og sprell og en kort bibelfortelling hver gang. Samlingen blir avsluttet med felles kveldsmat som vi kjøper inn. Tidspunkt: utvalgte mandager kl. 17.00-18.30

Datoer som gjenstår:


17. april  
15. mai



Påmelding til Aure kyrkjecontor:  
[elisabeth@aurekyrkje.no](mailto:elisabeth@aurekyrkje.no)  
eller tlf. 47975085 (jobb) / 94035354 (privat)

Semesteravgift kr 200,- (dekker mat/drikke og en gave)  
kan betales til konto: 4068.10.64402 eller vipps:  
771688

Vennlig hilsen  
Trosopplærer for Aure, Stemshaug og Tustna  
Elisabeth Finset




STØRST AV ALT



# BARNAS

## Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva gøymer seg her?



## Vitsar

Så var det dei to forelska blekksprutane som gjekk arm i arm i arm i arm i arm ...

Kva gåver blir vi sjeldan glade for?  
Oppgåver.

Har du hørt om han som sov så tungt at senga knakk saman?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta fra bladet.

Bestill abonnement på [Sondagsskolen.no](http://Sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil!

Her er Jesus på besøk hos Sakkeus. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli



Sondagsskolen - mer enn du tror

**SJØSIDEN**  
FRISØR  
**Bente L.  
Kristiansen Istad**  
Mjosundet  
**Telefon 479 55 426**

**H. Aukan**  
**Regnskapskontor AS**  
Tlf 71 64 40 40 – 6698 Lesund  
Økonomisk rådgivning –  
Regnskapsføring  
Skattespørsmål  
VI HJELPER DEG!!

## Vi arrangerer

- \* Barnedåp
- \* Konfirmasjon
- \* Bryllaup
- \* Bursdager
- \* Minnesamvær
- \* Catering



Tlf 716 46 238

## BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

**PHEDER** | **BERTELSEN GRAVFERD**

72 45 25 37 – Døgnvakt  
www.bertelsen-bgr.no  
*Bertelsen Gravminner*  
41 77 05 10

*Bertelsen gravferd*  
vinner av Næringsprisen i Heim 2020

**COOP**  
vikhals  
Dagligvarer, bensin, diesel  
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

**Bt BYGGtorget**  
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

### Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

#### Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- vinduer og dører

Gode tilbud på impregnertmaterialer.  
Varebringning etter avtale.

Åpningstider:  
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00  
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,  
6699 Kjørsvikbugen  
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21  
E-post: byggvarehuset@c2i.net

## Skipnes Mek. Verksted AS

6697 Vihals  
Tlf 71 64 56 41  
Faks 71 64 56 67



**AURE BIL OG FRITID**  
Din naturlige samarbeidspartner ved  
kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tiltrekkere
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta kontakt med oss for en hyggelig handel.


Tlf: 48 48 83 48  
E-post: post@aurebilofritid.no  
Nettside: www.aurebilofritid.no  
Facebook: Aurebilofritid

**S MASKIN A/S**  
www.slmaskin.no

### Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!



ÅPENT  
ma-to 10-17  
Fre 10-18  
Lør 10-15

Velkommen til Vihals

### Flora Idé AS

- Jørjan Ulsnes-Skar –  
gartner og dekoratør

Tlf 716 46 500 – 926 81 668

**Klær Strand**  
AURE

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

**Glamstad Bygg as**  
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

# Uttrekk av årsmelding Aure kyrkjelege fellesråd for 2022

## Organisering



Det er eit fellesråd i kommunen (AKF)

### Fellesrådet si samansetjing 2019-2023:

#### Namn

Namn	Funksjon
Kjell Pettersen, Aure	Leiar
Åsmund Almlid, Stemshaug	Nestleiar
Ivar Husby, Aure	Medlem
Arve Johan Goa, Stemshaug	Medlem
Linda Patricia Målen, Tustna	Medlem
Gunnar Birger Gullstein, Tustna	Medlem
Lillian Wessel	Repr. Frå kommunen
Soknepresten	Medlem
Ragnhild Finset, Marita Torset	Vara, Aure
Ann Mari Ulfssnes/Kåre Johansson	Vara, Stemshaug
Anne Marie Moltsbakke	Vara, Tustna

#### Tenester:

Kyrkja ynskjer at alle medleumar skal få god tilgang på nødvendige kyrkjelege tenester, noko som vi vil gjere det beste for å tilby.

Statistikk over talet på gudstenester og andre kyrkjelege handlingar dei siste åra.

Tenester	2019	2020	2021	2022
Forordna gudstenester:	70	65	44	60
Andre gudstenester:				
Av dette gudstenester utanom søn-/helgedag:	6	16	8	9
Barnedåpar:	18	24	17	26
Konfirmantar:	33	21	29	26
Vigslar:	5	1	2	5
Gravferder:	43	48	48	47
Konsertar/ Songkveldar:	4	6	5	6

#### Tilsette

Kyrkjeverja Judith Bjørk, 100% stilling
Organist Alexey Kurbanov, 80%
Kyrkj./k.g.arb/ reinh., Kjell A. Fagerlie, 100%, (sykmeldt)
Kyrkj./kyrkjeg.arb, Roger Steen, 100%
Kyrkjel.arb., 38%, Elisabeth Finset, Fra 15.08.2022
Trusopplærer 32%, Elisabeth Finset. Fra 15.08.22
Konf.lærer, 30%, Elisabeth Finset Vikart
Sekretær Dordi Signe Oldervik, 40 %
Reinholder Kari A. Kallandsvik, vikar 14 %
Kyrkjeg.arb. Markus Johnsen, Vikar, 48 %

## 2. Fellesrådet sitt arbeid i 2022:

Fellesrådet har i 2022 hatt 4 møter og handsama 37 saker.

#### Generelt:

- Omorganisering av kyrkja: Kyrkjemøte bestemte i haust, at vi framleis skal ha til arbeidsgjevarlinjer. Prost, prest og tilsett på bispekontor skal framleis være tilsett i Den Norske kyrkje. Vi andre i fellesråd på kommunenivå. Det blir nokre endringar og tilpassingar mellom arbeidsgjevarlinjene, men inntil vidare skal vi forsette som før.
- Det er ikkje tilsett fast prest enda, Men vi har vore heldig å hatt prestevikar Preben Colstrup her nesten heile 2022, med unntak av nokre periodar der prosten må ha skaffa prest eller stilt opp sjølv.
- Stillinga som trusopplærar har vore vakant sidan 01.05.21. men frå 15.08.22 har vi fått fast tilsetjing i stillinga, så nå er det mange flotte tilbod til barn mellom 0-15 år her i Aure att.
- Det er også tilsett ny konfirmantlærer, med undervisning stort sett på

kvardagar.

- På grunn av langtidssjukemelding har vi fått også fått tilsett to vikarar.
- Vidare har Judy Rangnes sagt opp si stilling hos oss i løpet av 2022, men ho er fortsatt inne som vikar for kyrkjeterar.

#### Administrasjon:

- Programmet Medarbeidaren er blitt eit viktig og nødvendig reiskap for registrering av tenester, møter, avtalar mv.
- Oppdatering av heimesida er viktig å følgje opp.
- Sosiale media som face-book og Instagram er blitt viktig for kunngjeringar.
- Omorganisering av arbeidsoppgåver på kyrkjekontoret er noko vi jobbar stadig med, for å bli så effektiv som råd.
- Fører rekneskapen for både fellesrådet og alle tre sokneråda.
- Det blir lagt ned ein del adm. ressursar i konfirmantarbeidet, soknerråda og menighetsbladet.
- Gjennomføre vernerunde i alle kyrkjer/kyrkjegardar og kontorlokale.
- Gjennomføre stabsmøte ca. ein gong kvar mnd.
- Arbeide med GDPR er ei viktig oppgåve.
- Arbeide med plan for Helse, Miljø og Tryggleik; et arbeid ein stadig må oppdatere.
- Tilgang til web-basert programvarer er nødvendig, og det krev ein del arbeid å halde seg oppdatert.
- For 2022 har det også vore mange webinar og nettkurs som staben har delteke på.
- Fellesrådet sender fleire høyingsuttalar kvart år.
- Det sitt ein adm. tilsett i kvart råd/utval.
- Utover dette gjennomfører adm. sitt arbeid i høve til instruks.

#### Aure

##### Kyrkja

- Det gamle alterskapet kom tilbake til Aure kyrkje 6.4.22
- Den gamle sokkelen til alterskapet vårt bygd opp, for å få skapet høgare opp.
- Vanleg vedlikehald.

##### Gravplass

- Opparbeida namna minnelund.
- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 34 stellavtalar og 3 vatningsavtalar.
- Elles vanleg stell og vedlikehald.

##### Folde gravlund

- 2 stellavtalar.
- Sprøyting/fjerning av prydbuskekk ved nye gravplass.
- Laga ein plan for opprusting av Folde gravlund.
- Vanleg stell og vedlikehald av gravplassen.

##### Gullstein

##### Kyrkja

- Fjernstyring av varme.
- Maling av veggar mv. i sakristi.
- Vanleg vedlikehald.

##### Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- 18 stellavtalar.
- Bruk minnegåve til Innkjøp av bårevogn.
- Elles vanleg stell og vedlikehald.

##### Stemshaug

##### Kyrkja

- Maling av kyrkja utvendig.
- Reparasjon av takstein.
- Montert fjernstyring av varme.
- Starta maling av vegger inne i koret i kyrkja.
- Vanleg vedlikehald.

##### Gravplass

- Sletting av graver og fjerning av gravminne.
- Sprøyting/fjerning av prydbuskekk ved nye gravplass.
- 5 stellavtalar.
- Elles vanleg stell og vedlikehald.

Kyrkjeverja

# Soknerådet sin prosess ang. kyrkjevalet 2023

**Det har i løpet av hausten 2022 og nyåret 2023 vore noko aktivitet i Stemshaug sokn rundt kyrkjevalet 2023. I denne samanheng har det oppstått ein del uro og rykte om nedlegging av sjølv Stemshaug sokn. For å greie ut om prosessen og oppklare evt. mistydingar ynskjer eg, som leiar i soknerådet, å gjere ei lita utgreiing om prosessen.**

## Val - og kandidatar til valet 2023

Det er kyrkjeval kvart 4. år, med val av nye representantar til kvart av dei tre sokna i Aure kommune. Sist val var i 2019, og det sitjande soknerådet skal sitte fram til nytt sokneråd tiltre 1. november 2023. Prosessen rundt dette startar som oftast lenge før valet. For dei tre sokna i Aure har dette vore oppe som tema i fleire soknerådmøte gjennom 2022, etter innspel frå kyrkjeveita. Då spesielt med tanke på å finne kandidatar i god tid før fristen. Ein kan imidlertid ikkje påstå at det har vore høgt nok "momentum" i soknerådet rundt prosessen om å finne nye kandidatar før siste halvdel av året 2022.

Soknerådet hadde sitt siste møte for året den 21. november 2022. Vi hadde då på tidlegare møte komme med fleire forslag til kandidatar, men dette resulterte ikkje i meir enn to kandidatar, fram til då. Det vart då bestemt at ein skulle sende ut eit brev til personar ein såg på som aktuelle kandidatar for å spørje om det vart aktuelt å stille til val. Dette brevet gjekk ut ca. 28. november. Det vart ikkje sendt ut til alle innbyggjarane i soknet. Dette med omsyn til kostnader.

I og med heller avmålt interesse for å ta på seg verv med å sitte i soknerådet, var vi nøydt til å vurdere kva ein skulle gjere med dette. Ein stod i fare for å ikkje fylle komplette vallister innan fristen slik stoda var. I slike tilhøve kan ein vere nøydt til å sjå på eit mogleg behov for samanslåing på ein eller annan måte.

## Samanslåing av sokn eller sokneråd

Ved mangel på ressursar/kandidatar har det tidlegare berre vore mogleg å slå saman sokn. Dette ville ha medført eit felles sokneråd, men òg eit felles sokn, og Stemshaug kyrkje ville i tilfelle samanslåing med Aure mista sin status som soknekyrkje. Dette har både no og tidlegare vore lite ynskjeleg frå soknet sin del, og ein kan fort sjå for seg eit sterkt redusert aktivitetsnivå og tilbod i Stemshaugkyrkja med dette.

På kyrkjemøtet i oktober 2022, vart det imidlertid opna for å kunne slå saman sokneråd, utan å slå saman fleire til eit felles større sokn. Dette ville bety eit felles råd for to eller alle tre av sokneråda i Aure. I dette tilfellet nærmare bestemt Aure og Stemshaug, der rådet anten var skeivfordelt etter storleik eller likt fordelt i høve til talet medlemmar frå Aure og Stemshaug. Det har tidlegare vore ein prosess med omsyn til samanslåing av diverse utval. Dei fleste utval er no felles og ein ser ikkje mykje meir å hente her.

## Fristar til kyrkjevalet 2023

Fristen for å få ei komplett liste av kandidatar til kyrkjevalet var 31/3-2023. Vi hadde med andre ord denne tida på oss til å finne

# Kyrkjevalet 2023

velviljige listekandidatar. Om det skulle bli aktuelt med ei samanslåing av sokneråd pga. at vi ikkje fann nok folk, var imidlertid fristen for å søkje om samanslåing av sokneråd allereie den 31/1 2023. Dette førte med andre ord til ei lita klemme, i og med at det ville vere for seint å sette i gang ein slik prosess dersom vi stod utan nok kandidatar i slutten av mars. Arbeidet med å finne aktuelle listekandidatar og vurderinga om samanslåing av sokneråd måtte difor gå som ein parallel prosess.

Òg for eventuell samanslåing av sokneråd er det visse krav som må vere oppfylte. Mellom anna må det bli arrangert eit soknemøte (les: ekstraordinært årsmøte) for soknet der dette får kome med si uttale om saka. Sidan nemnde frist var 31/1-2023 og det framleis var berre to aktuelle listekandidatar i midten av januar, vart det bestemt å kalle inn til eit soknemøtet for å informere om saka og diskutere vegen vidare. Vi som sokneråd såg det og som ein sjanse at dette og kunne mobilisere enkelte, slik at heile problematikken ville kunne falle bort. Det var ingen i soknerådet som såg på samanslåing som ein ynskt situasjon, men heller som ein plan B.

## Soknemøte 22/1-23

Det vart på soknemøtet etter gudstenesta 22/1 greia ut om saka, herunder problem med å skaffe kandidatar, samanslåing av sokneråd, forskjellen på dette og samanslåing av sokn, samt vurdering av fordeling av representantar frå dei ulike sokna i høve samanslåing. Problematikk og ordlyd er ikkje nødvendigvis så enkelt å forstå for den gemene hop som ikkje har arbeid med saka, og både sjølv soknemøtet og forslaget om samanslåing kom nok noko uventa på dei fleste.

I løpet av soknemøtet kom det imidlertid opptil fleire nye forslag til kandidatar og ein stod til slutt att med sju stk. Dette var nok til eit "redusert" sokneråd med eit mindre talet medlemmar enn pr. dags dato, men likevel eit vesentleg betre utgangspunkt enn dei to vi hadde frå før.

Innstillinga etter soknemøtet vart såleis mellom anna at "... Stemshaug sokn (...) ønsker å bestå som eget sokn." I tillegg "(...) ønskes primært et like stort sokneråd som i dag med 6 medlemmer, (...)"

Det vart òg bestemt at soknerådet skulle arbeide vidare med å finne fleire kandidatar, men at dersom rådet ikkje makta å finne nok til 6 medlemmer + 4 vara, kunne soknemøtet akseptere at ein gjekk ned til 4 medlemmer + 3 vara.

Konklusjonen frå møtet vart uansett at det ikkje var ynskjeleg "(...) å söke om sammenslåing mellom Stemshaug sokneråd og Aure sokneråd."

## Konklusjon

Det har i ettertid kome til tre nye kandidatar, slik at vi no er oppe i totalt 10 stk. Med andre ord vil dette vere nok til seks medlemmar + fire vara. Dette er ein vara mindre enn i dag, men soknerådet ser ikkje på dette som eit problem. Ein kan seie at prosessen som vart sett i gang kanskje har sett litt uro i befolkninga i Stemshaug sokn. Dette vil vi orsake. Samstundes har det òg fått opp engasjementet og sørga for ei komplett valliste, så heilt fánnyttes har det i grunnen ikkje vore.

Kyrkjekontoret såg det som naudsynt å informere om denne prosessen ved eit innlegg i menighetsbladet. Eg fekk difor i oppgåve å greie ut om prosessen og det har eg no etter beste evne prøva å gjere. Eg vonar det var klargjerande for dei aller fleste.

Med hjarteleg helsing og ynskje om ein god vår og sumar for alle i soknet, frå leiaren av Stemshaug Sokneråd.

Åsmund Almli

## Minnelund ved Aure kirke

Da er vi snart i mål med minnelund ved Aure kirke.

På den støpte platen er det plassert to søyler som minneplatene skal monteres på. Her er det plass til 180 navneplater. Ved bruk av minnelunden, kan en på lik linje med kistegraver, feste plass ved siden av. Videre er lyslykter og blomstervaser, og en plate med teksten «kjærligheten faller aldri bort» på plass.

Det som gjenstår er å plassere ut ei stor blomsterurne og benker, som vi vil få til i løpet av våren.

Ta en tur bortom å se, vi er iallfall godt fornøyd slik som det har blitt.

Vi vil også i løpet av våren ha en offisiell åpning av minnelunden.



For å benytte urnelunden, er det en kostnad. Dette skal utgjøre kostpris. Forslag er sendt til kommunestyret for beslutning.

Ellers er arbeidsgruppa godt i gang med å planlegge minnelund på Gullstein. Den håper vi å få på plass i løpet av 2023. Minnelund på Stemshaug er planlagt til 2024.

### Kremasjonsavgift

Ved kremasjon blir en belasta kremasjonsavgift fra krematoriet. Fellesrådet har vedtatt å dekke deler av denne avgifta til pårørende. Dette blir utbetalt ved dokumentasjon av utlegg.

Ann-Mari Ufsnes

## Fra slitt til nytt

Vi i Gravfix fikser  
gravplassen slik at den blir  
seende ny og flott ut.



**Kontakt oss**  
91 56 83 05  
[gravfix@gravfix.no](mailto:gravfix@gravfix.no)





# Livets gang

## Aure kyrkje

### Døpte:

12.02.23 Kristian Meek Langholm  
26.02.23 Maja Klinge Torset

### Døde:

02.12.22 Finn Gunnar Oldervik f. 1947  
23.12.22 Gerd Bergem f. 1953  
03.01.23 Holger Aresvik f. 1938  
04.01.23 Alf Gunnar Sletta f. 1940  
16.01.23 Helge Blø f. 1943  
25.01.23 Mikael Kalland f. 1939  
01.02.23 Dagfinn Stormyr f. 1947  
08.02.23 Ole Morten Torset f. 1964  
10.02.23 Hans Kiplesund f. 1941

## Gullstein kirke

### Døde:

17.12.22 Jon Einar Nordgård f. 1932

19.12.22 Sverre Martin Karlsvik f. 1924  
01.01.23 Genadij Povilan f. 1964  
07.02.26 Johannes Karstein Nordgård f. 1934

## Stemshaug kyrkje

### Døpte:

22.01.23 Oliver Pettersen Hjelen  
19.02.23 Elling Fashing Fævelen

### Døde:

21.09.22 Ola Hjelanes f. 1936  
02.10.22 Bjørn Inge Hjelen f. 1955  
18.11.22 Marit Larsdatter Halvorsen f. 1929  
12.02.23 Jarle Ulfsnes f. 1950  
20.02.23 Anne A. Torstuen f. 1926

**Vareminnesider.no – dødsannonser frå heile landet**

## GÅVER TIL KYRKJELYDEN

Dersom nokon har lyst til å gje ei gave til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegåve eller ønskje om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøksteneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne - og ungdomsarbeid  
\*4068 47 01047 Vipps: 119778

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/ barne - og ungdomsarbeid  
\*4068 47 03821 Vipps: 119784

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/ barne - og ungdomsarbeid  
\*4202 34 84603 Vipps: 119785

Aure Blomsterfond (til å gjøre kyrkjer og kyrkjegardar finare)  
\*4068 30 00185

Stemshaug Blomsterfond (til å gjøre kyrkjer og kyrkjegardar finare)  
\*4068 20 10926

Diakoniutvalet  
\*4068 47 17814

Kyrkjemusikalsk arbeid  
\*4068 10 59778

Konfirmantarbeidet  
\*4202 18 07650

Menighetsbladet  
\* 4068 30 04415

**ØYVILT**  
6694 Foldfjorden  
TLF: 915 75 803  
**Vilt-Fisk-Fiskemat**

Ring oss på  
481 57 263 / 915 75 803  
for en hyggelig prat.

Vi tilbyr catering til alle anledninger  
- Dåp  
- Konfirmasjon  
- Minnesamvær  
- Bryllup  
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.

## Aure, Stemshaug og Tustna sokn

**Adresse:**  
Aursundsvegen 147  
6690 Aure  
post@aurekyrkje.no

**Kyrkjekontoret, Aure**  
Tlf: 71646251  
Kontortid:  
Ty-, to-, og fredag  
kl 0900-1300  
www.aurekyrkje.no

**Telefonar:**  
Kyrkjeverje:  
Judith Bjørk: 924 35 280  
Prestevikar:  
Preben Colstrup: 916 53 500  
preben@colstrup.no

**Organist:**  
Alexey Kurbanov: 924 30 113  
Kyrkjetenar/  
kyrkjegardsarbeidar, Aure:  
Kjell Arnold Fagerlie: 932 19 835  
Kirketjener/Kirkegårdsarbeider Tustna:  
Roger Steen  
468 62 240  
Sekretær Dordi Signe Oldervik  
479 75 472

Trusopplærar/Konfirmantlærar:  
Elisabeth Finset: 479 75 085

**Bladstyre:**  
Jan Ove Krutvik: 915 21 410  
Asbjørn Barlaup: 482 37 889  
Einar Ørbog, Miriam Finset Ingvaldsen,  
Brit Nilsen, Ann-Mari Ulfsnes,  
Anne Marie Moltubakk og  
Judith Susanne Bjørk

Menighetsbladet kontonr.  
4068.30.04415  
VIPPS: 611170

**Trykk:**  
Orkla Grafiske AS  
Tlf. 72 48 23 20  
E-post:  
ole-kristian@orklagrafiske.no  
www.orklagrafiske.no



# Gudstenester

*Med etterhald om endringar  
– følg med i aviser og oppslag og på  
websiden [www.aurekyrkje.no](http://www.aurekyrkje.no)*

02.04.23	kl. 12:00	Skihytta i Foldfjorden	Friluftsgudsteneste	Palmesøndag
06.04.23	kl. 19:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	Skjærtorsdag
07.04.23	kl. 11:00	Aure kyrkje	Pasjonsgudsteneste	Langfredag
07.04.23	kl. 16:00	Sør-Tustna kapell	Pasjonsgudstjeneste	Langfredag
09.04.23	kl. 11:00	Aure kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. påskedag
09.04.23	kl. 16:00	Gullstein kirke	Høgtidsgudstjeneste	1. påskedag
16.04.23	kl. 11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	
30.04.23	kl. 16:00	Gullstein kirke	Samtalegudstjeneste	
30.04.23	kl. 20:00	Aure kyrkje	Samtalegudsteneste	
06.05.23	kl. 11:00	Gullstein kirke	Konfirmasjonsgudstjeneste	Konfirmasjon
13.05.23	kl. 11:00	Stemshaug kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjon
17.05.23	kl. 11:00	Aure kyrkje	Festgudsteneste	17. mai
18.05.23	kl. 11:00	Gullstein kirke	Høgtidsgudstjeneste	Kristi Himmelfartsdag
20.05.23	kl. 11:00	Aure kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Konfirmasjon
28.05.23	kl. 12:00	Aure kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. pinsedag
11.06.23	kl. 11:00	Gullstein kirke	Høgmesse	
18.06.23	kl. 11:00	Stemshaug kyrkje	Høgmesse	

## Kjære 5. klassing **VELKOMMEN til bibelsertifikat-dagen**

**Tirsdag 28. mars kl.17-18.30 på Aure misjonshus ELLER på Sør-Tustna bedehus (kapellet) er det bibelsertifikat-dagen.**

Da må du ta med bibelen og skrivesaker. Hvis du ikke fikk din bibel i kirken kan du få den når du kommer da. Ta med deg en fadder, mamma, pappa eller besteforeldre og kom! Det vil bli servert saft og vafler.

Til foreldre: Det er veldig fint med påmelding, slik at vi vet hvor mange vi kan regne med. Ring, send e-post eller sms til Elisabeth så snart som mulig. Meld også fra om eventuelle allergier. Ta gjerne med andre du kjenner som er født i 2012 og som ikke har fått dette brevet.

Håper du vil komme på bibelsertifikat-dagen!  
Hilsen Elisabeth Finset (trosopplærer i Aure/Stemshaug/Tustna)  
elisabeth@aurekyrkje.no tlf. 47 97 50 85 (jobb)/ 94 03 53 54 (privat)



**Returadresse:**  
Menighetsblad  
v/ Aure kyrkjecontor  
Aursundvegen 147  
6690 Aure



## Menighetsweekend på Søvassli 26.-28. mai

Tema for pinsehelga: «Ånden som kommer»

*For med én Ånd ble vi alle døpt til å være ett legeme, enten vi er jøder eller grekere, treller eller frie. Og vi har alle fått én Ånd å drikke.* 1.Kor 12:13

### Program:

Det starter med innsjekking fredag kl 18-19.

Vi inviterer til sosialt og åndelig felleskap, grilling, uteliv, god forkynnelse, leirkveld, boller og kakao ☺ Søndag er det tidlig avreise med gudstjeneste i Aure kyrkje kl 12.

**Arrangør:** Menighetene og misjonsfolket i Aure.

### Pris:

Flexipris - individuell: 1200 kr – 1800 kr.

Flexipris familie: 3500 – 5000 kr.

Vurder hva du har mulighet til å betale.

**Påmelding til:** Elisabeth Finset, Tlf: 716 46 251 elisabeth@aurekyrkje.no

**Påmeldingsfrist:** 20. april



Hjertelig velkommen!

*Med vennlig hilsen komiteen:*

Marianne Husby, Else Marie Ledal, Ivar Husby, Preben Colstrup og Elisabeth Finset.

